

JUSTERVESENET
Postboks 170
2027 KJELLERDato: 23.02.2017
Vår ref.: 2015/552-77
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Att. Silje Elise Bertheussen

Førespurnad om avklaringar angående taksameter og innspel om samarbeidsforum

Ein viser til brev av 02.02.2017.

1. Informasjon til Justervesenet ved innlevering av løyve eller taksameter

Når det gjeld utmontering av taksameter er dette opplysingar som løyvestyresmakta ikkje har. Slike opplysingar er det verkstaden som utmonterer og drosjesentralen i tillegg til løyvehavar sjølv, som har. Me har tidlegare etterlyst informasjon om utmontering, men me kan ikkje sjå at det er heimel for slik rapportering til løyvestyresmakta.

Ved innlevering av løyve vert dette registrert i løyveregisteret. Dersom ein søker på løyvenummerer på www.transportloyve.no vil ein sjå om løyvet er aktivt eller ikkje, dvs. at dersom det er innlevert, får ein søkeresultat 0, medan aktive løyve gjev oppslag på løyvehavar og alle løyve knytt til han. Justervesenet kan såleis sjølv sjekka om løyve som er aktuelle for kontroll er aktive. Det er òg mogleg å be om månadlege lister for innleverte løyve frå kvar einskild fylkeskommune.

Løyveregisteret har vore aktivt i mange år, og det kan vera grunnlag for å revidera det og eventuelt etablera eit nytt register med nye og oppdaterte funksjonar slik Justervesenet foreslår. Etter vårt syn bør ein avventa eventuelle endringar i eit revidert yrkestransportregelverk, t.d. om det i framtida skal vera løyve, før ein sett i gang eit prosjekt med nytt register. Ved eit eventuelt framtidig prosjekt ser ein det som positivt at Justervesenet er ein del av det.

2. Ansvarleg løyvehavar ved styrarkontraktar

Ved oppslag på www.transportloyve.no på det einskilde løyve, får ein som nemnt opp løyvehavar. Ved å klikka på løyvehavar og deretter på talet på løyve får ein informasjon om eventuell styrarordning. Justervesenet kan dermed sjekka om det er styrarordning på eit løyve ved å nytta registeret sjølv. På førespurnad kan løyvestyresmakta ta ut oversikt over alle styrarordningar i løyvedistriktet under eitt, men det mest effektive vil nok vera å gjera oppslag i registeret på løyve som er aktuelle for kontroll.

3. Ett taksameter per løyve

Det er rett at det vert stilt krav om at det skal vera eitt taksameter per løyve, og at det er taksameter i den ordinære drosja som skal flyttast til erstatningsbilen når vilkåret for bruk av erstatningsbil er tilstade. Departementet stadfesta dette seinast i brev 19.02.2015 der det heiter at

«Departementet legg til grunn at dersom vilkåra er til stades for å kunne bruke erstatningsvogn, vil det vere ein føresetnad at taksameter og taklykt med løyvenummer frå den ordinære drosja vert nytta».

Hordaland fylkeskommune gjennomførte etter dette kontroll av alle erstatningsbilar som var registrert med eige taksameter våren 2015, og løyvehavarane fekk frist for utmontering.

Når løyvehavar har permanent erstatningsbil kan dette vera konkurransevridande. Ut frå eit økonomisk perspektiv er det lite truleg at slike bilar berre vert nytta der vilkår for bruk av erstatningsbil er til stade. Det ville vera ein stor kostnad for løyvehavar. Løyvehavar med permanent erstatningsbil kan driva større butikk enn det han har løyve til. Ein har sett at det hovudsakleg er løyvehavarar som har eitt eller fleire reserveløyve og såleis allereie har ein større økonomi i verksemda, som driv med permanente erstatningsbilar.

Hordaland fylkeskommune ynskjer tilbakemelding dersom Justervesenet oppdagar permanente erstatningsbilar i vårt løyvedistrikt. Me kan ikkje svara for korleis andre fylkeskommunar stiller seg til dette spørsmålet. Emnet kan vera aktuelt i eit samarbeidsforum.

4. Oversikt over fylke som har innført krav om å bruka taksameter

Hordaland fylkeskommune kjenner ikkje til fylkeskommunar som ikkje har taksameterplikt.

I Hordaland er det generell taksameterplikt, men i einsskilde tilfelle er det gitt fritak. Dette gjeld for korte tidsperiodar der løyvehavar har fått nytta privatbil til kontraktskøyring medan bil med taksameter er ute av drift. Fritak vert gitt av omsyn til kontraktsoppfyllinga og transport av t.d. skuleborn og sjuke. Ein har òg gitt fritak for taksameterplikta for einsskilde reserveløyve i grisgrendte strok der næringsgrunnlaget er lite og bruken av løyve berre vert nytta til offentlege transportoppdrag til fast pris. Det er p.t. ikkje mogleg å sjå slikt fritak i løyveregisteret, men løyvehavar som har fritak frå taksameterplikta skal kunne dokumentera dette med vedtaksbrev frå løyvestyresmakta.

Samarbeidsforum

Frå politisk hald er det ei bestilling at løyvestyresmakta i Hordaland skal vera aktiv i høve til drosjenæringa, både med omsyn til tilrettelegging for og kontroll av næringa. Hordaland fylkeskommune er såleis positiv til etablering av eit samarbeidsforum mellom ulike offentlege styresmakter som har kontakt med drosjenæringa. Dette kan gjera arbeidet vårt meir effektivt og næringa meir gjennomsiiktig.

Me veit lite om kva opplysingar Justervesenet faktisk har og dermed er det vanskeleg på generelt grunnlag å seia kva informasjon ein ynskjer frå Justervesenet. Dette vil kunne koma fram i eit samarbeidsforum. Så vidt me kan sjå er det ikkje mykje informasjon Justervesenet sender til oss i dag, men den informasjon me får, vert alltid vurdert. I nokre tilfelle har informasjon om inn- og utmontering av taksameter sett i gang undersøking som har avdekket fleire brot på regelverket og med tilbakekalling av løyve som resultat. Samarbeidet mellom Justervesenet og Hordaland fylkeskommune er godt. Me har gode erfaringar med raske tilbakemeldingar frå Justervesenet når me tek kontakt.

På bakgrunn av Justervesenet sitt brev ser det ut for at løyveregisteret ikkje vert brukt etter intensjonen. Dette kan gjelda for fleire etatar, og i eit samarbeidsforum vil sjølvstøtt bruk av registeret og kva moglegheiter som ligg der, vera eit viktig tema. Ved oppstart er det ønskeleg at kvar etat gjer greie for sin kontakt med næringa og sitt arbeidsfelt i høve til den. Løyvestyresmakta har t.d. for liten kjennskap til taksameter teknologien. Justervesenet bør informera om teknologien og kva som faktisk kan avdekkast ved tilsyn. Ikkje minst er det viktig å få informasjon om det er høve til å overstyra og triksa med taksametra slik at rapportar/utskrifter kan vera manipulerte. Rapporterer Justervesenet til andre etatar, t.d.

skattestyresmaktene, og kva informasjon er eventuelt dette? Kan løyvestyresmakta få innsyn i slik informasjon, eller vil denne vera unnateke innsyn frå andre offentlege styresmakter?

Aktuelle etatar til eit samarbeidsforum er etter vårt syn fylkeskommunane evt. eit utval, Statens Vegvesen, Skatteetaten, Toll- og avgift, politiet og Justervesenet. Me ser fram til ytterlegare informasjon om eit eventuelt samarbeidsforum.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.